

PLAN FOR
**BUSETTING OG INKLUDERING
AV FLYKTNINGAR**
I ÅL KOMMUNE 2026-2027



HALLINGDAL

Innhald

Føreord	2
1 Innleiing	3
1.1 Mandat	4
1.2 Visjon og mål	4
1.3 Nasjonale og lokale føringar	5
1.4 Berekraftsmål	6
DEL 1	7
2 Situasjonsbeskriving	7
2.1 Befolkningsutvikling	7
2.2. Brukarundersøking	8
2.3 Bu og bli-lyst	10
3 Tenesteområde knytt til busetting av flyktningar	11
3.1 Ål introserter	11
3.2 Barnehage og skule	12
3.3 Helse	13
3.4 Bustad	15
3.5 Arbeid og kvalifisering	16
3.6 NAV Hallingdal	17
3.7 Familiar, barn og unge	18
3.8 Frivilligheit og fritid	18
3.9 Kultur og kunst	19
3.10 Samhandling på tvers	19
4 Økonomi	20
DEL 2	21
5 HANDLINGSPLAN – oppsummering av tiltak	21
Slik vil vi ha det og slik gjer vi det	21
6 Vedlegg til planen	32
VEDLEGG 1: PLANFØRESETNADER	32
VEDLEGG 2: OMGREPSFORKLARINGAR/DEFINISJONAR	34
VEDLEGG 3: BRUKARUNDERSØKING 2024, ÅL INTROSETER	36



Føreord

Ål kommune har eit ansvar for å bidra til at menneske på flukt får ein trygg start og moglegheit til å byggje seg eit nytt liv. Som samfunn er me avhengige av fellesskap, og me veit at god integrering er nøkkelen til å lykkast – både for den enkelte og for kommunen som heilskap.

Denne planen legg grunnlaget for korleis me skal ta imot og busetje flyktningar på ein måte som er berekraftig, realistisk og i tråd med våre verdiar. Me ynskjer å kombinere omsorg med ansvar; å sikre at dei som kjem hit får mogelegheit til å delta i arbeidsliv, utdanning og lokalsamfunn, samstundes som me tek vare på kommunen sine økonomiske og praktiske rammer.

Integrering handlar om meir enn bustad og språk. Det handlar om å skapa tilhøyrsløse,

byggje relasjonar og gje menneske moglegheit til å bidra. Ål er kjent for sitt sterke lokalsamfunn, og me trur at med gode tiltak og samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivilligheit, kan me lykkast med å gi flyktningar ein ny start – og samstundes styrke vår eigen kommune. Me står framfor ei oppgåve som krev både hjarta og hovud. Denne planen er eit verktøy for å sikre at vi møter utfordringane med struktur, langsiktig og føreseieleg arbeid. Saman skal me sørge for at Ål er ein stad der menneske kan finne tryggleik, håp og moglegheiter.

Handlingsplanen tek også sikte på å identifisere konkrete mål og tiltak for å møte dei ulike behova flyktningar har på veg mot integrering, som språkopplæring, arbeidsmarknads-tilpassing, helsetenester, tilgjengelege bustader og sosial inkludering.

Som ordførar ynskjer eg eit framleis stort engasjement for å løyse desse utfordringane. Hugs at du som innbyggjar og aktør kan gjera den viktige forskjellen, både for den du møter og for deg sjølv!

Med kunnskap, tolmod og hardt målretta arbeid over tid skal arbeidet med god integrering styrke samfunnsutviklinga i Ål.

Jørund Li, ordførar Ål kommune



Foto: Ole Johs. Brye

1 Innleiing

Å sikre god busetting og inkludering av flyktningar som kjem til bygda vår er ei viktig oppgåve for Ål kommune. Auka global migrasjon og stadig fleire menneske på flukt frå krig, forfølging og naturkatastrofar synleggjer behovet for ein heilskapleg plan for å møte utfordringane. Ein slik plan vil ikkje berre bidra til å gi flyktningane ein trygg og verdig start på livet i Noreg, men også styrke det lokale fellesskapet gjennom mangfald og nye ressursar.

Flyktningar som kjem til Ål har med seg ulike erfaringar, kompetansar og kulturar som kan vere ei styrke lokalsamfunnet. Samstundes er det viktig å sikre at flyktningane får nødvendig støtte og moglegheiter til å bli integrerte og sjølvstendige samfunnsborgarar. Dette krev eit godt samarbeid mellom kommunen, frivillige organisasjonar, næringslivet og innbyggjarane, så vel som gode rutinar, system og planar.

Med denne planen ønskjer Ål kommune å leggje til rette for ein inkluderande og berekraftig busettingsprosess, der alle får høve til å bidra og delta i fellesskapet.

Planen vil omfatte tiltak innan bustad, utdanning, arbeid, helse og sosial inkludering, og vil vere eit viktig verktøy for å sikre at flyktningar får ein god start på sine nye liv i Ål.



Foto: Ål introserter

1.1 Mandat

Rådmannsteam i Ål kommune har bedt om at administrasjonen utarbeidar ein plan for busetting og inkludering av flyktningar i Ål kommune.

Målgruppa for planen er flyktningar som blir busette i Ål kommune etter avtale med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet. Planen omfattar ikkje arbeidsinnvandrarar eller andre innvandrargrupper.

Arbeidsgruppa er nedsett av rådmannsteam og har bestått av:

Silje Landsmann-Wiwe, Ål introserter

Sissel Skrindo, kommunalsjef oppvekst

Anikken Teigen, Familiens hus

Turid Hilde Gåsbakk, Frivilligsentralen

Arbeidsgruppa har henta innspel frå andre kommunar, rådmann, NAV, helse, oppvekst, utviklingavdelinga, kultur, næringsutviklar med fleire.

Det er gjennomført ei brukarundersøking blant busette flyktningar som er nytta som kunnskapsgrunnlag.

Planen er sendt på innspelsrunde til involverte partar, samt på høyring til eldrerådet, ungdomsrådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

1.2 Visjon og mål

Plan for busetting og inkludering av flyktningar er ein kommunal temaplan, som beskriv utfordringar og angir mål og strategiar. Temaplanen er utarbeida for å få ein heilskapleg plan i arbeidet med å busette og inkludere flyktningar i Ål kommune. Planen er med på å sikre at arbeidet er forankra både politisk og administrativt.

Planen skal vere eit strategisk styringsdokument for Ål kommune, som skal bidra til å sette retning for kommunens inkluderingsarbeid. Integrering og inkludering av flyktningar er ei oppgåve for heile kommunen. Planen skal bidra til forbetring av rutinar og praksis, og betre forståing for inkluderingsarbeidet.

Målsettinga for norsk integreringspolitikk er at alle skal ha like moglegheiter, rettar og plikter – uavhengig av etnisk, kulturell, religiøs eller språkleg bakgrunn. For å nå dette målet er det ikkje nok at flyktningar lærer norsk, set seg inn i norske samfunnstilhøve og kvalifiserer seg for det norske arbeidsmarknaden. Integrering er ein tosidig prosess som òg stiller krav til majoritetssamfunnet om tilpassing og endring.

Plan for busetting og inkludering bygger på måla i kommuneplan for perioden 2015-2027. Dei overordna måla i kommuneplanen er utgangspunktet for handlingsplanen i punkt 5:



- I Ål skal det vera godt å bu og leva
- I Ål skal alle verta sett, inkludert og respektert
- Utviklinga i Ål skal ta vare på behova til komande generasjonar
- Ål vil vera eit berekraftig lokalsamfunn, økonomisk, sosialt og miljømessig
- Ål har, og vil ha, aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar
- Ål skal vidareutvikle gode og lønsame arbeidsplassar

Visjonen i kommuneplanen er “Eit levande Ål for alle!”

Ål kommunes verdiar: **Open – modig – grundig**



Spørsmål til tilsette i Ål kommune om kva som skal til for å lykkast med busetting av flyktningar i Ål kommune, haust 2025.

1.3 Nasjonale og lokale føringar

Ansvaret for å busette flyktningar er delt mellom staten og kommunane. Det er frivillig for kommunane å busette flyktningar. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har det statlege ansvaret for oppgåva.

Ål kommune blir kvart år oppmoda av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) om å busette eit visst tal flyktningar. Fordelinga av busettingsbehov per kommune er fastsett av IMDi, i samråd med kommunesektorens organisasjon (KS), og etter anbefaling frå fylkeskommunen. På bakgrunn av oppmodinga blir det utarbeida ei politisk sak om busetting av flyktningar som blir vedteke av kommunestyret i Ål.

Mandatet til administrasjonen er å følge opp vedtaka som politikarane fattar.

1.4 Berekraftsmål

FNs berekraftsmål skal ligge til grunn for alt kommunalt planarbeid.



Fleire av FNs berekraftsmål er relevante i arbeidet med flyktningar, spesielt dei som fokuserer på sosial inkludering, rettferd og like moglegheiter.

- Mål 1 – Utrydde fattigdom:** Flyktningar kan møte økonomiske utfordringar, særleg ved integrering i samfunnet. Tiltak for å motverke fattigdom blant flyktningar og sikre at dei får tilgang til økonomisk støtte, jobbar og tenester er viktig.
- Mål 3 – God helse og livskvalitet:** Flyktningar kan ha psykiske og fysiske helseproblem som følgje av flukt, traume og manglande tilgang til helsehjelp i tidlegare fasar. I Noreg er det viktig at flyktningar får naudsynt helseteneste og støtte for å fremje livskvalitet og helse.
- Mål 4 – God utdanning:** Utdanning er ein nøkkel til integrering i Noreg. Flyktningar treng tilgang til språkopplæring, utdanning og kvalifiseringsordningar som gjer dei i stand til å delta i arbeidsmarknaden.
- Mål 5 – Likestilling mellom kjønnene:** Likestilling er ein sentral verdi i det norske samfunnet. Kvinnelege flyktningar kan møte ekstra utfordringar knytt til kjønnsroller og diskriminering, og det er viktig å sikre lik tilgang til utdanning, arbeid og rettar for både menn og kvinner.
- Mål 8 – Anstendig arbeid og økonomisk vekst:** Integrering i arbeidslivet er ei av dei største utfordringane for flyktningar i Noreg. Å sikre at flyktningar får moglegheiter til arbeid, er avgjerande for både deira eigen sjølvforsørging og for samfunnets økonomiske vekst.
- Mål 10 – Mindre ulikskap:** Undersøkingar visar at flyktningar kan oppleve diskriminering og marginalisering. Arbeid for å redusere sosial og økonomisk ulikskap er viktig for at flyktningar skal kunne delta fullt ut i det norske samfunnet.
- Mål 16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar:** Rettferd og rettstryggleik er viktige prinsipp for å beskytte flyktningars rettar. Dette målet er også relevant når det gjeld å kjempe mot diskriminering, rasisme og å fremje inkluderande institusjonar i Noreg.

DEL 1

2 Situasjonsbeskriving

2.1 Befolkningsutvikling


Ål kommune har lang erfaring med å busette flyktningar. Kommunen har etablert tenester til flyktningar på lik måte som andre kommunale tenester og ser på busetting av flyktningar som ein del av kommunens tenesteportefølje.

Frå 2022 og fram til 2026 har Ål kommune busett 184 personar på oppdrag frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, og i tillegg 11 personar på familieinnvandring. 43 av desse 195 har reist frå kommunen. Fråflyttinga er ein blanding av retur til heimlandet, flytting til andre land og flytting til andre stader i Noreg.

Det har vore fleire asylmottak i kommunen i denne perioden, både på Skarslia og på Torpo Gjestegard. I utgangen av 2025 vart det igjen oppretta akuttmottak på Torpo Gjestegard med plass til 350 bebuarar. Sjølv om desse bebuarane ikkje skal busette seg permanent i kommunen, har dei krav på helsehjelp og born i grunnskulealder har rett til skuleplass.


I 3. kvartal 2025 var folketalet i Ål 4803 innbyggjarar (kjelde: [Kommunefakta Ål – SSB](#)). Ål har hatt ein jamn befolkningsvekst dei siste åra, med eit hopp i 2023-24. Auka kan tilskrivast tilflyttarar og mellombels asylmottak. Det er forventa fleire eldre og færre unge og folk i yrkesaktiv alder framover (kjelde: Kommunal planstrategi 2024-2027).

Pr.1.1.25 utgjorde innvandrarar 14,7% av befolkninga i kommunen. Av desse har 41,8 % bakgrunn som flyktningar.



Befolkning etter opprinnelsesland

Figuren viser personer fordelt etter landbakgrunn i 2025 i Ål.



Figuren viser eit stort mangfald av nasjonalitetar i Ål kommune. Blant innbyggjarar med flyktningbakgrunn kjem dei fleste frå Ukraina, Eritrea, Syria og Tyrkia.

Kjelde: SSB, 01.01.2025, [Tall og statistikk over innvandring og integrering | IMDi](#)

2.2. Brukarundersøking

Hausten 2024 gjennomførte Ål introcenter ei brukarundersøking blant busette flyktningar i Ål kommune. Undersøkinga hadde som mål å få kunnskap om korleis den einskilde flyktning opplever å bli busett i Ål, kartleggje erfaringane deira og få innsikt i korleis kommunen sine tenester kan forbetrast for å støtte ei endå betre integrering og livskvalitet.

Målgruppe for brukarundersøking var busette flyktningar i kommunen, med variasjon i kjønn, alder, sivilstatus, butid og opphavsland.

Brukarundersøkinga har gitt oss verdifull innsikt og er brukt som kunnskapsgrunnlag inn i arbeidet med denne planen.

Brukarundersøkinga synleggjer ønske blant busette flyktningar om:

- meir fokus på norskopplæring, gjerne med praktisk og arbeidsretta innhald. Det kan gjere det lettare for nykomne å lære språket og kome seg inn i arbeidslivet.
- at det skal vere lettare å gå frå praksis til ordinær jobb, og at ein har fokus på at kompetanse frå utlandet blir anerkjent og teke i bruk.
- fleire lågterskel sosiale møteplassar, der folk kan møtast og bli kjende med kvarandre på ein uformell måte.
- fleire rimelege og sentrumsnære bustadar som gjer det enklare å bu der ein har tilgang til tenester og fellesskap.

Funna i undersøkinga peikar på at fokus på desse punkta kan bidra til at Ål blir ein endå meir inkluderande stad der alle innbyggjarar – uansett bakgrunn – får høve til å trivast og bidra i fellesskapet, og har lyst til å bli buande.



«Eg har ingenting å klage på. Dette er heim for meg.»

- busett flyktning på spørsmål om korleis hen trivast på Ål

2.3 Bu og bli-lyst

Utan innvandring ville folketalet i Ål og Hallingdal ha gått ned. Innvandrarak er ei prioritert målgruppe i det kommunale og regionale bu- og blilyst-arbeidet.


Overordna mål for Ål kommunes bu- og blilyst-arbeid er:

- Alle som etablerer seg i, eller allereie bur i Ål, skal ha det bra og trivast.
- Når ein flyttar til Ål skal ein føle seg sett, inkludert og respektert, jf. Kommunedelplan 2015-2027.
- Å skape ei trend der fleire flyttar til, og færre flyttar frå, Ål.

«Mitt mål er av vi tek i mot alle nye innbyggjarar til Ål, uansett bakgrunn, som om det skulle vere vår nye nabo.»

– Karsten Popp Dideriksen, rådmann Ål kommune

I perioden 2023-2025 deltok alle kommunane i Hallingdal, saman med Regionrådet for Hallingdal, Buskerud fylkeskommune og Distriktssenteret i eit regionalt bu- og blilyst-program. Programmets hovudmål var å finne ut kva for tiltak som gir best effekt i regionen for å behalde innbyggjarar, unngå at dei flyttar ut, men også trekke til seg nye innbyggjarar. I dette arbeidet fokuserte kommunane på tre innsatsområde; trivsel og tilhørslse, attraksjonskraft og bustadsutvikling. Innbyggjarar med anna landbakgrunn enn norsk var ei av målgruppene i arbeidet. Det vart blant anna gjennomført fokusgruppeintervju med representantar frå denne gruppa, som har gitt verdifull kunnskap inn i planarbeidet.



Illustrasjon: Rapport – Fokusgruppeintervju Hallingdal 2024

3 Tenesteområde knytt til busetting av flyktningar

3.1 Ål introserter

Ål introserter har hovudansvar for å ta imot busette flyktningar. Avdelinga finn, klargjer og møblerer bustader, og tek imot flyktningane når dei kjem, samt hjelper med alt det praktiske som skal til for å få kvardagen i gang. Avdelinga har ei koordinerande rolle mot helse, skule, barnehage, offentlege instansar m.m. Introserteret har også ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Introserteret følger opp flyktningar i 5 år etter busetting. Vaksne flyktningar skal mellom anna kartleggast, ha vedtak om introduksjonsprogram, praksisplass og individuell oppfølging. Introduksjonsprogrammet skal planleggast og gjennomførast. Introserteret har også ansvar for lovpålagte element som foreldrerettleiing og kurs i livsmeistring og karrierekompetanse.

Introserteret har i fleire år hatt stort fokus på arbeidsretting av introduksjonsprogrammet og har bygd opp eit system med opplæring i arbeidslivskunnskap og oppfølging på språkpraksisplassen. Saman med TID-stiftinga har introserteret utarbeida modellen «Praksisførebuande løp». Her blir deltakarane godt førebudde på kva som forventast av dei i det norske arbeidslivet.

Introserteret har god oversikt over og kontakt med kommunale avdelingar og lokalt næringsliv, og har avtale om språkpraksis med mange arbeidsplassar. Målsettinga er at praksisplassen skal kunne lede til jobb.

Ål introserter tilbyr opplæring i norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarar frå Ål kommune og Hol kommune. Ål kommune og Hol kommune har ein samarbeidsavtale om opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Elevane er delt inn i klassar etter nivå og progresjon, frå analfabetar til vidarekomne. Undervisninga omfattar også blant anna bransjekurs, arbeidsnorsk og opplæring i grunnleggjande digitale ferdigheiter. Introserteret kan også tilby norskkurs til private og kommunale arbeidsgivarar med tilsette med behov for meir norskopplæring.



Fokus ligg på arbeidsretting av norskopplæringa, med målsetting om at elevane skal lære språk for å kunne fungere i norsk arbeids- og samfunnsliv. Alle elevar har arbeidslivskunnskap på timeplanen og alle lærarar følger opp elevane sine på praksisplassane. Introsenteret har også tilbod om digital norskopplæring, som skal gjere det lettare for deltakarane å kombinere jobb og norskopplæring.

I 2025 vedtok Ål kommune å busette fem einslege mindreårige flyktningar (i alderen 16-18 år), og det er fatta vedtak om å busette fem einslege mindreårige flyktningar i 2026 også. Det er Ål introsenter som har hovudansvar for oppfølginga, i samarbeid med Familiens Hus og Hallingdal barnevernsteneste.

3.2 Barnehage og skule

Kommunen har ansvar for å sikre at barn og unge har ein god oppvekst, med eit positivt fritidsmiljø og med moglegheit for deltaking og innflytelse.

I barnehage og skule skal alle barn og elevar oppleve verdier slik at kvar einskild blir i betre stand til å meistre eigne liv, der ein har positiv interesse for andre sitt liv, naturen som ein ressurs vi skal ta vare på og lokalsamfunnet som eit naturleg fundament for samanhengskraft i bygda. Vi skal i Ål kommune bygge opp menneske som blir rotfaste og flygedyktige. Med dette som bakteppe arbeider sektoren mot hovudmålsetjinga; i eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, får kvar einskild kraft til å meistre eigne liv.

Kommunen skal legge vekt på å stimulere og synleggjere ressursane og styrkane til alle barn, unge og vaksne i sektoren (Oppvekst 2030).

Barnehage:

Ål kommune følger Overgangsplan for oppvekstsektoren i Ål kommune når eit barn får tildelt plass i barnehage. Når det gjeld tildeling av barnehageplass til barn av flyktningar har barnehagane ein eigen rutine som dei følger.

Det er oppvekstkontoret som fattar vedtak og tildeler plass. Barna får tildelt barnehageplass etter kvar det er kapasitet, men ein prøver å etterkome ynskjer så langt det lar seg gjere og vurderer ut frå kvar familieane blir busett.

Grunnskule:

I skulen er barna sine rettigheter til særskilt norskopplæring og morsmålsundervisning regulert av Opplæringslova. Alle har rett til skuleplass innan 3 månader etter busetjing (Oppl.lov § 2-2). Elevar som ikkje kan godt nok norsk til å delta på ordinær undervisning vil få tilbod om særskilt norskopplæring fram til dei kan delta i ordinær undervisning (jfr. Oppl.lov § 3-6 Særskild språkopplæring i grunnskolen). Grunnskulen brukar kartleggingsverktøyet frå UDIR; kartleggingsverktøy i grunnleggjande norsk. Dette er eit verktøy som blir brukt dynamisk gjennom heile opplæringa, og dannar grunnlaget for når skulen vurderer at eleven har nok kompetanse til å delta i ordinær undervisning. Ein ynskjer at undervisning i særskilt norskopplæring skal vere mest mogeleg i klasse-samheng, spesielt på dei lågaste klassetrinna. Tilhøyrsløse til klasse-miljøet og den språklege stimuleringa som det bidreg til, er viktig i prosessen med å lære norsk.



Vidaregåande skule: Fylkeskommunen har ansvar for utdanning på vidaregåande skule.

Kombinasjonsprogram: Kombinasjonsprogrammet er eit samarbeid mellom dei seks kommunane i Hallingdal og Buskerud fylkeskommune. Tilbodet blir gitt ved Gol vidaregåande skule, som er samlokalisert med Gol vaksenopplæring. Programmet har 15 elevplassar for nykomne ungdomar mellom 16 og 18 år, som i utgangspunktet ikkje har rett til gratis norskopplæring.

FOV: Førebuande opplæring for vaksne er eit samarbeid mellom dei seks kommunane i Hallingdal, med Gol kommune som vertskommune. Undervisninga finn stad ved Gol vaksenopplæring. Avtalen sikrar oppstart av nye grupper kvart år, og blir reforhandla årleg. Tilbodet omfattar vaksne deltakarar, inkludert flyktningar, arbeidsinnvandrarar og personar med norsk bakgrunn. Programmet legg vekt på parallell opplæring i språk og fag, med kontinuerleg inntak.

3.3 Helse

Helsesektoren har gjennom helseteam for flyktningar bygd opp god kompetanse med tilgang på både lege, sjukepleiar, jordmor, helsesjukepleiar og psykiatrisk sjukepleiar.

Flyktningar har dei same rettigheter til helsehjelp som andre innbyggjarar i kommunen.

Flyktinghelseteneste

- Tilbod om helsesamtale innan 14 dagar for direkte busette flyktningar og familiesameinte og ny samtale innan 3 månader.
- For flyktningar som har vore i asylmottak gis det tilbod om helsesamtalen innan 3 månader.
- Helsesamtalen gjennomførast i samarbeid med helseteam og helseansvarleg ved Ål introjenter.
- Alle barnefamiliar får tilbod om heimebesøk av Familiens Hus og Ål introjenter. Vidare heimebesøk blir gjort etter behov.
- Bruk av godkjent telefontolk i samtaler der det er behov for det.
- Kontakt med aktuelle hjelpeinstansar ut frå individuell vurdering. Flyktningar kan ha psykiske og fysiske helseproblem som følgje av flukt, traume og manglande tilgang til helsehjelp i tidlegare fasar. Dersom det er behov, blir psykisk helse, fysioterapeut eller andre kontakta for oppfølging.
- Tuberkulosescreening ut frå retningslinjer; Tuberkuloseveilederen - FHI. Alle flyktningar og asylsøkarar frå land med høg førekomst av tuberkulose som skal vere meir enn tre månadar i Norge, har plikt til tuberkuloseundersøking.
- Tilbod om screening og helseundersøking hos fastlege innan 3 månader.
- Overføring av informasjon til helsestasjon- eller skulehelsetenesta frå helsesamtalene
- Ordnar med time til tannlege om behov for det.



Helsetasjonsteneste og skulehelseteneste

- Alle foreldre med barn 0-16 år får tilbod om “nytilflytta”-samtale med helsesjukepleiar etter ei tid som ny i kommunen, vidare oppfølging ut frå alder til barnet og behov.
- Tilbod om vaksiner i følge det norske vaksinasjonsprogrammet for dei som ikkje er vaksinert eller manglar vaksiner.

Ungdomshelsetasjon (HFU)

- Informerast om til dei det er aktuelt for

Folkehelse

Folkehelsearbeidet i Ål skal bidra til å redusere og jamne ut sosiale helseforskjellar. Sosiale helseforskjellar betyr at faktorar som utdanning, yrke og inntekt påverkar levekår og levesett, som igjen gir forskjellar i helse mellom innbyggjarane. Det er ein tydeleg samanheng mellom helse og lengde på utdanning og inntektsnivå.

Viktige fokusområde i folkehelsearbeidet:

- Redusere sosiale skilnader i helse
- Auke sosial deltaking
- Bidra til helsefremjande stadsutvikling
- Sikre medverknad i lokalsamfunnet
- Påverke positivt innbyggjarane si helserelaterte åtferd

Arbeid med folkehelse omfattar heile samfunnet. Difor er tverrsektorielt samarbeid heilt nødvendig for å lykkast. Tidleg innsats er viktig, og barn og unge skal prioriterast i folkehelsearbeidet. I Ål kommune skal det vere godt å leve.



3.4 Bustad

Flyktningar som blir busette i Ål kommune får ein møblert bustad tilpassa husholdingas storleik og behov. Kommunen nyttar både kommunale og private bustader til busetting. Det har vore prioritert å busette sentrumsnært, grunna nærleik til norskopplæring, velkomstklasse, butikk, fritidstilbod m.m. Få av dei som kjem har bil. Viss ein skal busette utanfor sentrum må ein sjå på kollektivtilbodet, samt vurdere om kommunen skal gi støtte til køyrekort/bil.

Busettingsansvarleg ved Ål introsender jobbar tett med avdeling for byggforvaltning i kommunen, både når det gjeld godkjenning av private bustader og leige av kommunale bustader. Busettingsansvarleg er også med i kommunen sitt tildelingsteam for kommunale bustader.

Den overordna målsettinga for norsk bustadspolitikk er at alle skal bu trygt og godt. Moglegheit til å kunne eige sin eigen bustad er viktig for mange, noko som også kjem fram i brukarundersøkinga som vart gjennomført blant busette flyktningar hausten 2024 (sjå pkt. 2.2). Eit tiltak for å fremje dette er ordninga for kommunalt bustadtilskot til fyrstegongsetablerarar. Ordninga, som vart vedteke våren 2023, har fått stor respons. Blant dei som har fått tilsegn er det fleire busette flyktningar, som dermed har fått moglegheit til å kjøpe sin eigen bustad for første gong.



Foto: Ål kommune

3.5 Arbeid og kvalifisering

Ein føresetnad for å lykkast med inkludering er å få flest mogleg ut i arbeid. Regjeringa er tydeleg på si forventning om at kommunane har eit sterkt jobbfokus i arbeidet med nykomne flyktningar. Det at flyktningar kjem i jobb er også positivt for kommunen sin skatteinngang, det medfører færre utgifter til økonomisk sosialhjelp og det aukar sjansen for at busette flyktningar ønsker å bli buande på Ål.

- Ål kommune har vore med i KS-nettverket «Flyktningar i jobb» frå juni 2024 til desember 2025, som har som mål å gjere det offentlege og private arbeidslivet betre rusta til å tilsetje flyktningar.
- Ål kommune har hatt eit fleirårig samarbeid med organisasjonen «Saman om ein jobb» for å rekruttere mentorar, men òg arbeidsplassar til arbeidsinnvandrarar og andre innvandrarar med høgare utdanning.



Illustrasjon: Esther Brochmann, KS – frå nettverket «Flyktningar i jobb»

Sidan primo 2024 har næringsutviklar i Ål kommune og programrådgivarar ved Ål introserter møttest kvar tredje veke for å gå gjennom behov for arbeidskraft i lokalt næringsliv og matche dette med kompetansedatabasen til Ål introserter. Eit fast agendapunkt er samtalar om ulike arbeidsplassar for mogleg praksis for deltakarane i introduksjonsprogrammet. På denne måten blir næringslivet kjent med flyktninganes kompetansar og ressursar, og Ål introserter får fleire innspel til lokale verksemdar å samarbeide med.

I oktober 2025 var Ål den kommunen i Noreg som har høgast del ukrainske flyktningar som har gjennomført introduksjonsprogrammet i jobb (83%).

NAV Hallingdal er ein viktig samarbeidspartnar når det gjeld arbeidet med å få flyktningar i jobb, sjå pkt. 6.

«Gjennom praksis fekk eg referansar og til slutt ein fast jobb. Det endra livet mitt»

- busett flyktning på spørsmål om betydinga av ein praksisplass som ein del av introduksjonsprogrammet

3.6 NAV Hallingdal

NAVs samfunnsoppdrag er å bidra til sosial og økonomisk tryggleik og fremje overgang til arbeid og aktivitet. Målet er å skape eit inkluderande samfunn, eit inkluderande arbeidsliv og ein velfungerande arbeidsmarknad, der fleire kjem i arbeid og færre fell varig ut av arbeidslivet.

NAV Hallingdal er ein viktig samarbeidspartnar for Ål kommune når det gjeld arbeidet med å få flyktningar i jobb. Kommunen har faste samarbeidsmøte med NAV både på leiar- og sakshandsamarnivå.

Det føreligg ei samarbeidsavtale mellom flyktningtenestene i Hallingdal og NAV Hallingdal som reviderast jamleg. Eit av punkta i samarbeidsavtala er at flyktningkonsulent har jamlege møter med rettleiar i NAV Hallingdal for gjennomgang av aktive deltakarar i introduksjonsprogrammet og deira eventuelle behov for/overgang til oppfølging hos NAV. Avtala set og rammer for korleis overgangen til NAV organiserast, og kven som har ansvar for kva i forbindelse med overgangsmøter.

Når flyktningane er ferdige med introduksjonsprogrammet kan dei ha behov for ekstra hjelp til å skaffe seg arbeid. Dei kan då registrere seg som arbeidssøklarar i NAV sitt

 Logg på

Buskerud

Snakk med oss TV Radio Podkast Tips oss!

Her er dei best i Noreg til å få flyktningar i jobb

Bygde-Noreg skil seg ut. Ål kommune meiner dei har knekt koden, og her får 8 av 10 jobb.



Ål kommune er ikkje berre kulturkommunen, slik dei likar å kalle seg. Dei er også integreringskommunen.
FOTO: TORDIS GAUTEPLASS / NRK

Kjelde: nrk.no | [Her er dei best i Noreg til å få flyktningar i jobb](https://nrk.no), 15.10.25

system. NAV vurderer bistandsbehovet og følgjer opp etter behov, på lik linje med andre registrerte brukarar.

NAV har ei verdifull verktøykasse med diverse tiltak som kan nyttast på ulike tidspunkt i oppfølginga, som til dømes individuell rettleiing, lønstilskot, arbeidstrening og mentortilskot.

NAV har også ansvar for ulike ytingar som skal gi økonomisk tryggleik ved å sikre inntekt og kompensere for særlege utgifter i ei rekke ulike livssituasjonar. Viss flyktningar har behov for å søkje om økonomisk sosialhjelp eller andre økonomiske ytingar, kan dei ta kontakt med NAV og få rettleiing. Det er også mogleg å søke om økonomisk rettleiing.

3.7 Familiar, barn og unge

Ål kommune jobbar etter modellen Betre tverrfagleg innsats (BTI); tidleg innsats for å hjelpe barn, unge og familiar så tidleg som mogleg slik at dei får den hjelpa de treng. Det er eit tett samarbeid mellom Ål introjenter, Familiens hus og barnehage/skule i kommunen.

3.8 Frivilligheit og fritid

Det er tett samarbeid med Frivilligsentralen, og også med frivillige lag og organisasjonar. Alle barn skal få moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar, og både barn og vaksne skal ha tilgang på arenaer for å bygge nettverk og praktisere språk. Det er viktig å få engasjert frivillig sektor og lokalsamfunnet, slik at alle kan bidra til at dei som kjem til kommunen vår raskt får ein så god og normal kvardag som mogleg

Frivilligsentralen / ungdomsfrivilligsentralen

Formålet til frivilligsentralane er:

- å stimulere til frivillig innsats
- vere opne møteplassar for befolkninga
- vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor

Fritidstilbod

Ål kommune har cirka 180 lag og organisasjonar med ulike fritidstilbod.

Oversikt over alle fritidstilbod er å finne på Ål kommune si nettside under kultur og fritid.

Idrett

Kommunen har 4 idrettslag: Ål il, Torpo il, Fjellet il og Ål skiskytterlag. I tillegg har Ål il mange undergrupper. Oversikt over idrettslaga med aktivitetar er å finne på Ål kommune si nettside under kultur og fritid.





3.9 Kultur og kunst

Kunsten, kulturen og fritidstilboda skal vere både for innbyggjarane i Ål og for hyttefolk, turistar og andre tilreisande. Kommunen skal leggje til rette for at nye kulturelle aktivitetar og uttrykk vert skapt.

Det er ei viktig utfordring å auke kulturaktiviteten blant born, unge, tilflyttarar, nye landsmenn og ei veksande gruppe av eldre. Kommunen har ansvar for tilrettelagde aktivitetar i eit folkehelseperspektiv. Det er viktig å skape forståing for at store helse- og velferdsgevinstar kjem av auka fysisk og kulturell aktivitet. Sektorane helse og kultur må vera førande i dette utviklingsarbeidet, men lokale lag og organisasjonar, eldsjeler og innbyggjarar som ynskjer å setje i gang aktivitet, bør få relevant støtte frå kommunen (jf. kulturplanen 2019-2025).

Det er viktig å koma i kontakt med nye innbyggjarar, at dei kan starte opp fritidstilbod som dei ynskjer, eller at dei får kjennskap til og kan prøve ut det rikholdige tilbodet det allereie er i Ål kommune.

Ål kulturskule er ein viktig inkluderingsarena for born og unge med ulik bakgrunn. Gjennom tilbod innan musikk, dans, teater og visuell kunst bidreg kulturskulen til språkleg, sosial og kulturell deltaking, og gir nye innbyggjarar moglegheit til å knyte relasjonar, oppleve meistring og bli ein del av lokalsamfunnet i Ål. Ål introsenter bidreg til at tilbodet og ulike støtteordningar er kjent for aktuelle søkjarar.

3.10 Samhandling på tvers

Å ta imot flyktningar i ei kommune vil gjelde alle tenester og krev stor grad av tilrettelegging og samhandling på mange område. For å sikre eit heilskapleg og godt inkluderingsarbeid må mange tenester, fag og organisasjonar samarbeide. Kommunen må ha fokus på å etablere gode system og rutinar for å i vareta dette.

4 Økonomi

Busetting av flyktningar gir ulike tilskot til busettingskommunen. Det er ulike tilskot pr. år i ein femårsperiode.

Integreringstilskot: Kommunen får integreringstilskot for alle flyktningar som blir busette i kommunen. Integreringstilskotet skal dekke kommunens utgifter til busetting og integrering av flyktningar i busettingsåret og dei neste fire åra; som introserter, introduksjonslønn, sosialtenester, sysselsettingstiltak, tolkeutgifter, ekstra utgifter til barnehage, skule, helse m.m.

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag:

Grunntilskot: Grunntilskotet skal betre dei økonomiske rammevilkåra for opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Persontilskot: Persontilskotet skal dekkje kommunen sine utgifter til vaksne innvandrarar med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Tilskotet skal dessutan gå til gjennomføring av prøver i norsk og samfunnskunnskap.

Ål kommune har norskopplæring for elevar frå Hol kommune og får overført norsktilskot frå Hol kommune to gonger i året.

Kommunen får ikkje norsktilskot for betalingselevar, men kan ta betalt for undervisninga.

Einslege mindreårige flyktningar: Kommunar som buset einslege mindreårige flyktningar, mottar eit tilskot i tillegg til det ordinære integreringstilskotet til og med året personen fyller 20 år.

Tilskotet skal dekke aktivitetar og tiltak som bidrar til at einslege mindreårige flyktningar blir busette så raskt som mogleg og får eit godt bu- og omsorgstilbod.

Tilskot for busetting av personar med nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar:

Kommunen kan søke om dette tilskotet. Tilskotet skal bidra til raskare busetting av flyktningar med alvorleg funksjonsnedsetting eller åtferdsvanskar. Tilskotsordninga skal dekke dei ekstraordinære utgiftene kommunen får av å busette denne gruppa.

	Integreringstilskot	Norsktilskot Ål	Norsktilskot Hol
2024	38 mill.	3,2 mill.	2,4 mill.
2023	45 mill.	4,2 mill.	2,5 mill.
2022	19,2 mill.	2,6 mill.	1,7 mill.
2021	8,4 mill.	1,6 mill.	446 000

DEL 2

5 HANDLINGSPLAN – oppsummering av tiltak

Slik vil vi ha det og slik gjer vi det

Handlingsplanen på dei kommande sidene er basert på måla i kommuneplanen:

- I Ål skal det vera godt å bu og leva.
- I Ål skal alle verta sett, inkludert og respektert.
- Utviklinga i Ål skal ta vare på behova til komande generasjonar.
- Ål vil vera eit berekraftig lokalsamfunn, økonomisk, sosialt og miljømessig.
- Ål har, og vil ha, aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar.
- Ål skal vidareutvikle gode og lønsame arbeidsplassar.



1) I Ål skal det vera godt å bu og leva

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
Gode og stabile buforhold	Søke å busette flyktningar i bustadar med husleigenivå som står i forhold til den einskilde si inntekt
	Bustaden sin plassering og tilbodet om kollektivtransport gjer det mogleg å kome seg til arbeid, skule, barnehage, andre offentlege tenester og fritidstilbod utan å ha eigen bil
	Gi nykomne flyktningar nødvendig kunnskap om å bu i eigen bustad
	Gi nykomne flyktningar økonomisk rettleiing og oppfølging, t.d. om Husbanken sine verkemiddel
	Rettleie flyktningar i overgang frå kommunale bustader til private bustader
	Informere og rettleie om ordninga med startlån. Bidra til at moglegheitene i ordninga blir utnytta, slik at fleire får høve til å eige eigen bustad på sikt.
	Informere og rettleie om ordninga for kommunalt tilskot til fyrstegongsetablerarar
	Auke kompetansen i kommunen om bustadsosialt arbeid
	Ta omsyn til behova til busette flyktningar i kommunens arbeid med bustadutvikling

Gode levekår for familiar	Alle familiar med barn i barnehagealder skal få rettleiing om å søke barnehageplass
	Alle barn i skulepliktig alder skal så raskt som mogleg etter busetting får tilbod om skuleplass
	Følgje rutinar for å ta imot nykomne barn i barnehage og skule
	Fokus på god fleirkulturell kompetanse og kompetanse om korleis møte traumatiserte born blant tilsette i kommunen
	Vere pådrivar for gode/alternative kollektivtilbod, slik at flyktingar lettare kan bu utanfor sentrum
	Rettleie om alternative transportløysingar, som t.d. Nabogo
	Greie ut om det skal lagast ordningar for å gi støtte til førarkort og/eller kjøp av bil for å kompensere for mangelfullt kollektivtilbod, og i så fall for kven

Foreldre som er trygge på foreldrerolla i Noreg	Alle flyktingforeldre får tilbod om foreldrerettleiingskurs (ICDP) i løpet av introduksjonsprogrammet
	Familiens Hus og Ål introsenter samarbeider om sertifisering av ICDP-retteiatar
	Familiens Hus og Ål introsenter gjennomfører helsekartleggingssamtalar og samarbeider om heimebesøk hos alle flyktingfamiliar
	God kompetanse i kommunen om negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemleisting

2) I Ål skal alle verta sett, inkludert og respektert

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
Kontinuitet og kvalitet i busettingsarbeidet	Felles forståing av at det er heile kommunen som busett og tek imot flyktningar
	Fokus på å heve, bevare og nytte kompetanse på flyktningfeltet
	Jamleg rullering av «Plan for busetting og inkludering av flyktningar i Ål kommune» for å sikre eit tydleg strategisk styringsverktøy i kommunens flyktningarbeid
	Fokus på mangfaldskompetanse og mangfaldsleiing i heile kommunen
	Jamlege orienteringar i utval for å gi politikarane kunnskap og kompetanse til å fatte vedtak om busetting
	Sørge for gode tverrfaglege fora i kommunen, for å sikre retning og samarbeid i inkluderingsarbeidet
	Oppretthalde samarbeid på tvers av kommunane, som t.d. Flyktningforum i Hallingdal (fagleg forum for flyktningtenestene i Hallingdal. Møtast kvar 6. veke for erfaringsdeling, inspirasjon og kompetanseheving).

Tilpassa og likeverdige kommunale tenester	Heilskapleg og koordinert struktur på kommunens arbeid med flyktningar
	Godt tverrfagleg samarbeid mellom aktørar som gir tenester til flyktningar



Tilpassa og likeverdige kommunale tenester (forts.)	Sørge for tilstrekkeleg flyktningfagleg kompetanse i kommunen, spesielt på enkelte flyktningars særskilte utfordringar som seinverknader av krig, flukt, traume og tapsopplevingar, kjønslēmlesting og tvangsekteskap
	Gi tett og langsiktig oppfølging til flyktningar med særskilte behov
	Minske helseskilnader som følgje av sosial og økonomisk ulikskap
	Folkehelse skal i aukande grad sette sitt preg på samarbeidstiltak mellom kommune og private aktørar, næringsliv og frivillige
	Alle avdelingar har rutinar på bruk av tolk og følger « Lov om offentlege organs ansvar for bruk av tolk mv.»
	Sikre klarspråk og universell utforming av kommunal informasjon

Fokus på haldnings- skapande arbeid	Fokus på innanforskap – alle skal oppleve å få moglegheit til å delta, oppleve tilhøyrslē, glede og læring gjennom felles aktivitetar
	Styrkebasert tilnærming gjennomsyrrar måten vi jobbar på, med fokus på ressursar, styrker og moglegheiter
	Nytte sosiale media (som Ål introsenters Facebook-side) til å formidle positive praksisfortellingar
	Tenk om det går!

3) Utviklinga i Ål skal ta vare på behova til komande generasjonar

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
Jobbe for at alle som bur i Ål ønsker å bli verande i Ål	Fokus på behova til busette flyktningar i kommunens planarbeid – på lik linje med alle andre innbyggjarar i kommunen
	Bu- og blilyst gjennomsyrrar kommunalt arbeid

Seniorar med flyktningbakgrunn skal oppleve ein god alderdom i kommunen vår	Legge til rette for ein god kvardag med meningsfulle aktivitetar for flyktningar som er over arbeidsfør alder, som t.d. seniordans, Kårstugu, Nigardsstugu.
	Jobbe for språkleg og kulturell kompetanse blant tilsette i helsesektoren
	Representasjon i politiske råd og utval
	Eldrerådet kan vere eit aktuelt organ for sakar knytt til eldre flyktningar

4) Ål vil vera eit berekraftig lokalsamfunn, økonomisk, sosialt og miljømessig

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
Innbyggjarane våre har god kjennskap til Ål og kva bygda har å tilby	Det blir sendt velkomstbrev i posten til alle nye ålingar, med nyttig informasjon til den som er ny i kommunen
	Det blir arrangert velkomsttreff for nye ålingar to gonger i året. Sosialt samvær, der ein kan bli kjent med andre og der det blir servert middag, gitt informasjon, delt ut

	informasjonsmapper, delt ut gåver og gitt tilbud om omvising i Ål kulturhus
	Introdusere nye ålingar for lokal kultur og lokalsamfunnet, t.d. Ål-løypa

Kommunen har god kjennskap til relevante utfordringar og behov	Oppfølgingssamtale med busette flyktningar etter 3 og 5 år (ved Ål introsenter). Tema: bustad, trivsel, framtidstankar, forventningsavklaring by/bygd, utfordringar
	Jobbe mot rasisme og diskriminering
	Kompetanse om negativ sosial kontroll
	Gjennomføre regelmessige brukarundersøkingar blant busette flyktningar (minst kvart 5. år)

5) Ål har, og vil ha, aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
Barn og vaksne skal få moglegheit til å delta på fritidsaktivitetar	Kartlegge interesser og ønsker for fritidsaktivitetar hos den einskilde flyktning kort tid etter busetting
	Gjere kultur-, ferie- og fritidstilbod tilgjengelege gjennom informasjon og ulike tilretteleggings- og støttetiltak
	Legge til rette for lågterskeltilbod, der alle kan delta og prøve nye aktivitetar, som t.d. Aktiv Ung og Sommarcamp
	Vidareutvikle ordningar for økonomisk støtte til



	kontingent, avgifter og utstyr som t.d. Fritidskassa og BUA
	Sørge for tilbud til barn og unge som ikkje er med på organiserte fritidsaktivitetar, som t.d. Hallung ungdomsklubb (lågterskel uformell møteplass for ungdom)
	Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
	Synleggjere og informere om tilbud (oversikt over kva som finst)
	Vere opne for innspel til nye aktivitetar
	Legge til rette for møteplassar der folk kan treffast på tvers av kulturar, og som bidreg til trivsel, tillit og sosial nettverk
	Fadderordning: Frivilligsentralen skaffar frivillige som kan vere fadder for nye ålingar for å bli kjent med kommunen, praktisere språk, byggje nettverk m.m.
	Alle Med - ansvar for å ta imot alle med behov for å finne aktuelle fritidsaktivitetar/arenaer

Barn og unge skal oppleve ein god start på kvardagen på Ål	Det er etablert felles rutinar for oppstart av flyktningbarn i barnehage
	Det er etablert felles rutinar for oppstart av flyktningbarn i skule
	Greie ut moglegheit for raskare barnehageopptak for barn i flyktningfamiliar, i nærleik til familiens busettingsadresse



	Foreldremøter i skule og barnehage er tilrettelagde for minoritetsspråklege foreldre
	Jobbe med å etablere eit lærande fellesskap for dei fagprofesjonelle som arbeider med å undervise framandspråklege elevar

Alle skal kjenne seg inkluderte i lokalsamfunnet vårt	Alle nye innbyggjarar i Ål blir inviterte på velkomsttreff, der dei får informasjon om kommunen og moglegheit til å treffe andre som nyleg har flytta til kommunen
	Vidareutvikle tiltak for etablering av relasjonar mellom nykomne flyktningar og etablerte innbyggjarar, t.d. gjennom Frivilligsentralens fadderordning
	Flyktningane skal ha nok informasjon og kunnskap om dei ulike fritidstilboda i Ål
	Ha fokus på einslege mindreårige flyktningars behov for oppfølging, relasjonar og fritidsaktivitetar
	Ha eit system for å kartlegge kva nye ålingar har lyst til å bidra med

Alle busette flyktningar lærer norsk språk	Individuelt tilrettelagt introduksjonsprogram og tett oppfølging
	Praksisnær norskopplæring, tilpassa flyktningens nivå og behov
	Praksisplass som arena for å trene språk
	Alle flyktningar får tildelt «Snakk med meg – eg lærer norsk»-button til bruk på praksis-/arbeidsplass



	Tilbod om digital norskopplæring for introduksjonsdeltakarar som går over i jobb
	Legge til rette for norsktrening i kvardagen, t.d. gjennom språkkafé eller fadderordning

Alle har like moglegheiter for samfunnsdeltaking	Flyktningar er ein ressurs for kommunen vår, og skal oppleve å bli møtt slik
	Jobbe for større grad av medverknad frå brukargruppa i spørsmål som rør dei

6) Ål skal vidareutvikle gode og lønsame arbeidsplassar

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
Høg og stabil yrkesdeltaking blant flyktningar	Kompetansekartlegging av alle flyktningar som ein del av introduksjonsprogrammet
	Karriererettleiing som ein del av introduksjonsprogrammet
	Vidareutvikle samarbeid med NAV Hallingdal, både i introduksjonsprogrammet og i overgangar til arbeid
	Vidareutvikle samarbeid med næringsutviklar
	Tilby opplæringsløp som gir uformell og formell kompetanse
	Praksisførebuande løp i samarbeid med TID-stiftinga for alle deltakarar i introduksjonsprogrammet



	Greie ut moglegheit for å tilby norskkurs til tilsette i kommunale avdelingar og private verksemder
--	---

Godt samarbeid med kommunale avdelingar	Alle avdelingar i kommunen er oppmoda om å ta imot flyktningar i praksis. Kommunen skal strekke seg etter å stille opp, og også vurdere moglegheit for ordinært arbeid etter avslutta praksisperiode
	Vidareutvikle samarbeid med kommunale arbeidsgivarar om praksisplassar
	Vidareføre erfaringane frå KS-nettverket «Flyktningar i jobb» også etter prosjektperioden
	Vidareutvikle «Språkløft»-arbeidet, med fokus på heving av norskkunnskapar for tilsette (og potensielt nye tilsette) i kommunale avdelingar
	Samarbeid med næringsutviklar for å sørge for god dialog med lokal arbeidsmarknad, samt for å matche etterspurnad og tilbod av arbeidskraft

Godt samarbeid med lokalt næringsliv/lokale arbeidsgivarar	Vidareutvikle samarbeidet med privat næringsliv om praksisplassar og varig arbeid for personar med flyktningbakgrunn
	Kjennskap til lokalt næringsliv og arbeidsmarknad
	Utarbeide system for å kunne matche behov etter arbeidskraft med tilgang

6 Vedlegg til planen

VEDLEGG 1: PLANFØRESETNADER

Lover og forskrifter

Dei mest sentrale lovverka er:

lov om barnehagar (barnehageloven)
lov om barnevern (barnevernsloven)
lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)
lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)
lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven)
lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven)lov om lov om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova)
lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven)
lov om pasient- og brukarrettar (pasient- og brukarrettighetsloven)
lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (sosialtjenesteloven)

Internasjonale føringar

FNs konvensjon om barnets rettår: FNs konvensjon om barnets rettår er ein traktat om menneskerettår som mellom anna omhandlar økonomiske, sosiale og kulturelle rettår til barn. Konvensjonen er godkjend av 193 land, inkludert Noreg.

Nasjonale føringar

Om integreringspolitikken: Stille krav og stille opp. Meld. St. 17 (2023-2024): Meldinga presenterer regjeringas heilskapleg politikk for integrering, der dei overordna måla er at 1) fleire kjem inn i og får varig fotfeste i det seriøse arbeidslivet, 2) systema for å ta imot nykomne er fleksible og kan handtere store svingingar og 3) integreringspolitikken er effektiv, heilskapleg og målretta.

Tro på framtida – uansett bakgrunn. Meld. St. 28 (2024–2025): Meldinga presenterer regjeringas samla innsats for at barn og unge skal få like moglegheiter til ein trygg oppvekst, og til å utvikle seg, lære, meistre og leggje grunnlaget for eit godt liv – for seg sjølv og familiane sine. Regjeringa ønskjer eit samfunn der alle har like moglegheiter, uavhengig av kvar du kjem frå og kvar du vil i livet.

Integrering gjennom kunnskap. Regjeringens integreringsstrategi 2019-2022: Målsettinga med strategien er å auke deltakinga i arbeids- og samfunnsliv gjennom ein samordna og heilskapleg innsats. Integreringsløftet og strategien er viktige for å sikre økonomisk og sosial berekraft, moglegheiter for alle, og eit velferdssamfunn prega av tillit, samhald og små forskjellar.

Sjef i eget liv – styrket innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold 2025-2028. Handlingsplan: Med handlingsplanen forsterkar regjeringa innsatsen mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, og fremjar tiltak innan fire innsatsområde: rettsvern, førebygging,



kompetanseheving i tenesteapparatet og ufrivillige utanlandsopphald. Handlingsplanen inneheld 29 tiltak for å verne utsette barn, unge og vaksne mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald.

Alle trenger et trygt hjem. Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken (2021-2024)

Lokale mål og føringar

- Folkehelse i Ål kommune. Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar i Ål kommune 2024-2027
- Frivilligstrategi Ål kommune 2023-2025
- Helse og omsorgsplan 2025-2028
- Kulturplan 2019-2025 – strategisk plan for utvikling av kultur i Ål kommune
- Kommuneplan 2015-2027 – Ål kommune
- Oppvekst 2030. Overordna plan for oppvekstsektoren i Ål kommune
- Strategisk næringsplan for Ål kommune 2021-2024 med tilhøyrande retningslinjer for næringstilskot
- Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021-2025

VEDLEGG 2: OMGREPSFORKLARINGAR/DEFINISJONAR

Arbeidsinnvandrar: ein person som har fått opphaldsløyve på bakgrunn av lønna arbeid. Dei er i utgangspunktet sjølvhjelpne.

Assimilisering: ein prosess der personar eller grupper med ein annan kulturell bakgrunn gradvis tileignar seg majoritetssamfunnet sin kultur, språk og normer – ofte på ein måte som gjer at dei gir opp delar av sin eigen kultur.

Asylmottak: frivillig butilbod for asylsøkarar som kjem til Noreg. UDI er ansvarleg for asylmottak i Noreg.

Asylsøkar: ein person som på eiga hand og uanmeldt kjem til Noreg og ber om opphaldsløyve på bakgrunn av behov for vern mot forfølging eller krigshandlingar i heimlandet. Asylsøkarar som før innvilga søknad om opphald vert kalla flyktningar.

Buset: ein flyktning er busett når han/ho kjem til kommunen som har vedteke å busetje han eller henne.

Einsleg mindreårig asylsøkar: barn/ungdom under 18 år som på eiga hand, utan foreldre eller andre med foreldreansvar, kjem til Noreg og søker asyl på bakgrunn av behov for vern mot forfølging eller krigshandlingar i heimlandet.

Einsleg mindreårig flyktning: barn/ungdom under 18 år som har kome til Noreg utan omsorgspersonar, som har søkt vern (asyl) og fått innvilga søknaden.

Familieinnvandring: opphalds- eller arbeidsløyve som vert innvilga til nære familiemedlemmar (hovudsakleg ektefellar og barn under 18 år) til personar med lovleg opphald i Noreg.

Flyktning: ein person som får innvilga varig opphaldsløyve på bakgrunn av situasjonen i heimlandet, anten det gjeld forfølging eller krigshandlingar.

Innvandrar: utanlandskfødd person, fast busett i Noreg, med to utanlandskfødde foreldre.

Inkludering: ein prosess der alle menneske, uavhengig av bakgrunn, eigenskapar eller livssituasjon, får høve til å delta fullt ut i samfunnsliv, utdanning og arbeidsliv – og kjenne seg som ein likeverdig del av fellesskapet.

Integrering: ein prosess der personar med innvandrarbakgrunn blir del av samfunnet gjennom deltaking i utdanning, arbeid og sosiale fellesskap – samstundes som dei kan ta vare på eigen kultur og identitet.

Introduksjonsprogram: eit kvalifiseringsprogram for nykomne flyktningar. Det inkluderer blant annet opplæring i norsk, samfunnskunnskap, foreldrerettleiing og livsmeistring, samt arbeidstrening. Målet er å gje deltakarane kunnskap om det norske samfunnet og å gjere dei i stand til å delta i arbeids- og samfunnsliv.

Integreringstilskot: eit tilskot staten gir til kommunar for å støtte arbeidet med å busetje og integrere flyktningar. Tilskotet skal bidra til at flyktningane raskt kjem i arbeid, blir sjølvhjelpne og tek del i samfunnet. Kommunane får tilskot for kvar person dei buset, og det skal dekkje utgifter i busettingsåret og dei fire neste åra.



Kollektiv beskyttelse: betyr at fleire personar i ein massefluktsituasjon får vern basert på ei gruppevurdering, i staden for ei individuell vurdering, i samsvar med utlendingslova § 34. Saksbehandlinga blir forenkla i slike tilfelle.

Kjønnslemlesting: inngrep i kvinna sitt kjønnsorgan som skader organet eller påfører det varige endringar.

Negativ sosial kontroll: eit samleomgrep for press, oppsyn, truslar eller tvang som systematisk avgrensar ein person si livsutfolding, eller gjentekne gonger hindrar personen i å ta sjølvstendige val om eige liv og framtid. Denne typen kontroll kan ha alvorlege konsekvensar for både den psykiske og fysiske helsa til den som blir utsett.

Norskfødde med innvandrarforeldre: personar som er fødte i Noreg av to foreldre som er innvandrarar.

Overførings-/kvoteflyktning: ein person som er registrert som flyktning hos FNs Høgkommissær for flyktningar. Stortinget fastset kvart år ei kvote for kor mange overføringsflyktningar som kan busetjast i Noreg.

Opphald på humanitært grunnlag: blir gitt til personar med sterke menneskelege omsyn eller særleg tilknytning til Noreg. Flyktningar med slik opphaldsløyve har dei same rettane til busetjing og introduksjonsprogram som dei med asylstatus, men ikkje dei same rettane til medlemskap i folketrygda.

Realkompetansevurdering: er å vurdere den einskilde sin kompetanse opp mot fastsette kriterium. Vurderinga kan føre til avkorta opplæring, opptak til studium, fritak frå delar av eit studium, ny jobb eller høgare løn. Realkompetanse er alle kunnskapar og ferdigheiter ein person har tileigna seg gjennom utdanning, lønna eller ulønna arbeid, organisasjonserfaring, fritidsaktivitetar eller på annan måte.

Sekundærflytting: dersom ein person vel å flytte til ein annan kommune enn der dei vart førstegongsbusett, vert dette kalla for sekundærbusetting.

Tvangsekteskap: ein form for vald i nære relasjonar, der ein eller begge ektefellane ikkje har moglegheit til å velje å forbli ugift utan å bli utsett for represalier.

VEDLEGG 3: BRUKARUNDERSØKING 2024, ÅL INTROSENTER

Sjå eige vedlegg